



STRYN KOMMUNE

MØTEBOK

SAK	ORGAN	MØTEDATO
REF 014/10	Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne	27.09.2010
HS 045/10	Helse- og sosialutvalet	28.09.2010
FO 142/10	Formannskapet	13.10.2010

Avgjerd av: Formannskapet
Sakshandsamar: Berit Wetlesen

Ref: 09/1143 - 2 Ark. F12

Høyringsuttale til NOU 2010:5 - omlegging av regelverk for hjelpemiddel

Presentasjon:

Høyringsuttale til framlegg om oppgåveforskyving frå stat til kommune m.m. når det gjeld tekniske hjelpemiddel

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

- NOU 2010: 5. Aktiv deltaking , likeverd og inkludering

Aktuelt sakstilfang:

Vedlagt saka:

- Framlegg til høyringsuttale

Ikkje vedlagt:

- NOU 2010: 5. Aktiv deltaking , likeverd og inkludering

Saksopplysningar:

Regjeringa Stoltenberg oppnemde i 2008 eit utval som fekk i mandat å føreta ei heilskapleg gjennomgang av forvaltning, organisering og finansiering på hjelpemiddelområdet. Føremålet var å få vurdert moglege langsiktige grep som kan gje effektive og langvarige kvalitet- og kompetanseforbetringar i systemet for formidling og forvaltning av hjelpemiddel med sikte på å gje brukarane auka meistring og livskvalitet. Utvalet la fram si innstilling den 4. mai og kommunane er invitert til å gje uttale.

Ei faggruppe i Nordfjord har laga utkast til felles høyringsuttale frå kommunar i regionen. Jfr. vedlegg.

Hjelpemiddel er heimla i Folketrygdlova og vert finansiert av staten for brukarar med varig nedsett funksjonsevne. Kommunane har finansieringsansvaret for hjelpemiddel der trongen er mellombels. Nav hjelpemiddelsentral i fylket har spesialkompetanse på området og samarbeider tett med kommunalt personell. Finansieringsansvaret for hjelpemiddel til bruk i skule og barnehage vart overført frå kommune til stat i 1997.

Staten finansierar hjelpemiddel til heimebuande, inkludert omsorgsbustader, men ikkje til dei som bur på institusjon. For dei som bur i sjukeheim har kommunane finansieringsansvaret.

Det overordna målet med hjelpemiddel er at menneske med nedsett funksjonsevne skal ha høve til aktiv deltaking, likeverd og inkludering på lik linje med andre borgarar.

Utvalet føreslår følgjande justering av ordninga:

- Ansvar for forvaltning og formidling av hjelpemiddel og tilrettelegging i arbeidslivet vert eit statleg ansvar som i dag, men vert føreslått harmonisert med anna regelverk og Arbeids- og velferdsetaten sine virkemiddel for arbeidsinkludering og å hindre utstøying frå arbeidslivet.
- Ansvar for forvaltning og formidling, her under finansiering av basishjelpemiddel i dagleglivet, mellom anna innan skule og omsorg vert overført til kommunane. Ansvar for utstyr til trening, stimulering og leik vert overført til kommunane og aldersgrensa for dette vert oppheva. Ansvar for tilskot til opplæringstiltak i dagleglivet vert overført til kommunen og spesialisthelsetenesta (avheng av ei vurdering av ansvars plassering).
- For føremål- og kostnadseffektive løysingar, tilrår utvalet at dei hjelpemiddel som vert kommunalt ansvar, vert lagt inn i rammefinansieringa til kommunane
- Ansvar for forvaltning og formidling av øvrige hjelpemiddel, inkludert dyrare hjelpemiddel og hjelpemiddel som krev spesialtilpassing vert eit statleg ansvar også framover.
- Ein flyttar ansvaret for trappeheis og løfteanordningar frå Hjelpemiddelsentralen til Husbanken.

Utvalet føreset at kommunane har kompetanse og ressursar til å overta ansvaret. Dei set som eit mål at å gje kommunane eit større ansvar vil føre til reduksjon av skiljet mellom mellombels og varig behov for hjelpemiddel, noko som er grunnlaget for kommunal og statleg finansiering i dag.

Utvalet argumenterar også med at hjelpemiddel i dagleglivet i stor grad har samanheng med trong for helse- og sosialtenester, særleg rehabilitering og pleie- og omsorg. Dei meiner at heilskapleg kommunalt ansvar vil gje vesentlege gevinstar. Det heitar vidare at "Kommunen ikkje lenger vil kunne skyve hjelpemiddelansvaret over på folketrygden ved å opprette omsorgsboliger i stedet for sykehjemsplassar".

Brukarundersøkingar viser at jo yngre brukarar av hjelpemiddel er og jo meir komplekst behovet er, jo mindre nøgde er brukarane med hjelpemiddelforvaltninga. Utvalet skriv at ved å auke ansvaret for hjelpemiddel til kommunane vil ein avlaste hjelpemiddelsentralane som då kan gje eit betre tilbod til brukarar med komplekse behov.

I Stryn kommune er det ein avdelingsleiar i 50 % st., tilsette i heimesjukepleien, fysioterapeut og ergoterapeut som arbeider med hjelpemiddel.

Tal for Stryn kommune syner fylgjande for hjelpemiddel frå NAV hjelpemiddelsentral i 2009

- 641 brukarar av hjelpemiddel
- 1 037 hjelpemiddel vart utlevert
- 506 hjelpemiddel vart levert tilbake
- Samla utlånsverdi var på 4,2 mill.kr.

Vi har ikkje oversikt over kor mykje av dette som etter utvalet sitt framlegg vil bli eit kommunalt ansvar i framtida.

Vurdering:

Det vert synt til vedlagde høyringsuttale.

Hovudkonklusjonen er at

- Framlegget medfører ei omfattande oppgåve- og ansvarsforskyving frå stat til kommune.
- Tilbodet til brukarane vert avhengig av kompetansen i kommunane, av kommuneøkonomi og prioriteringar, og dermed fare for ulikt tilbod avhengig av kvar ein bur
- Det er bekymring for at dei økonomiske overføringane ikkje vil samsvare med behova
- Ansvar for tilrettelegging , avdekking av behov og formidling vert fragmentert og lite oversikteleg for brukarane og kompetansen vert spreidd
- Utvalet sitt framlegg vil forsterke ulikskapar i helse mellom sosiale lag.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Stryn kommune si høyringsuttale til framlegg om endring av regelverk på hjelpemiddelområdet vert vedteke slik det går fram av vedlegg.

**Handsaming i Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsevne
27.09.2010.**

REF-014/10 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

Handsaming i Helse- og sosialutvalet 28.09.2010.

HS-045/10 Vedtak:


Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

Handsaming i Formannskapet 13.10.2010.

FO-142/10 Vedtak:

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

Sign.



Per Kristian Storevik

- sekr.-

Utskrift av endeleg vedtak vert sendt til: Arbeidsdepartementet, pb. 8019, 0030 Oslo